



# HARDANGER OG VOSS MUSEUM

Hardanger folkemuseum  
Agatunet  
Ingebrigt Vik museum  
Voss folkemuseum  
Hardanger fartøyvernssenter  
Kunsthuset Kabuso  
Granvin bygdetun  
Kvam bygdetun

## **Strategisk plan**

**2018-2022**

A-jour per 2.10.2020

**Til vedtak i styret for Hardanger og Voss museum november 2020**

## Innhold

INNLEIING OG FORANKRING .....	3
Verdiar.....	4
VISJON OG OVERORDNA MÅL.....	4
SAMFUNNSROLLE.....	4
Strategisk valde tradisjonsfag .....	5
FAGLEGE STRATEGIAR.....	6
A. Forvaltning .....	6
B. Forsking og kunnskapsutvikling.....	7
C. Formidling .....	8
D. Fartøyvern.....	9
E. Kunsthus .....	11
ORGANISASJON OG LEIING .....	12

### Frå Vedtektene til Hardanger og Voss museum: § 2 Føremål

*Stiftinga Hardanger og Voss museum skal ivareta museumsfunksjonar for dei institusjonane som har særskilde avtaler med stiftinga. Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid.*

*Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal museet vera med å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vera ein open møtestad der publikum kan studera, oppleve og finna utfordringar. Hardanger og Voss museum skal arbeida for ei samordning av arkiv, bibliotek- og museumstenestene i regionen.*

*Hardanger og Voss museum skal driva eit nasjonalt senter for fartøyvern. Hardanger og Voss museum har ansvar for drifta av kunsthuset Kabuso, som skal formidla musikk, kunst og kulturimpulsar på høgt kvalitativt nivå, der kunsten mellom anna kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda. Kabuso skal arbeida i spenningsfeltet mellom tradisjon og samtid, og arbeida i nært samarbeid med kunstmuseum, festivalar og andre kulturinstitusjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt.*

*Museet skal vera medlem i Norges Museumsforbund og fylgja ICOM sitt museumsetiske regelverk og ta del i regionalt, nasjonalt og internasjonalt museumsnettverk. Museet skal yta fagleg hjelp i museums- og kulturminnevernspørsmål til kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.*

## INNLEIING OG FORANKRING

Strategisk plan er eit overordna dokument for Hardanger og Voss museum (HVM) og grunnlag for temaplanar, årsplanar og budsjett. Strategisk plan legg rammene for all aktivitet ved museet. Planen gjeld frå budsjettåret 2018 og byggjer på planen frå perioden 2014-2017, samt på innspel frå strategisamlinga for tilsette og styret i HVM i januar 2017. Denne revisjonen er gjennomført i 2020 i ein prosess med styre og leiargruppe.

Hardanger og Voss museum arbeider med fem F-ar – fartøyvern, forvaltning, forskning, formidling og fornying. I denne planen er ikkje fornying trekt ut som eige felt, men fornying av museet er ein føresetnad for all aktivitet.

HVM har høg aktivitet på forvaltningsfeltet, men har erkjent at samlingsforvaltning treng auka innsats. Og sjølv om det skjer kunnskapsutvikling i HVM har me erkjent at innsatsen på forskningsfeltet kan bli styrka. Desse prioriteringane blir dermed ført vidare inn i dei to siste åra av planperioden. Dei faglege planane i HVM har vore under utvikling. Særleg er samlingsforvaltningsplanen og forskningsplanen viktige rettesnorer for arbeidet. Ein felles formidlingsplan er utarbeidd og må følgjast opp med løpande revisjon. Gjennom ekstraordinære midlar til istandsetjing av våre kulturhistoriske bygg i 2016 og 2017 har museet tatt igjen noko av etterslep på vedlikehald. Noko står framleis att, samt oppgradering av våre administrasjons- og samlingsbygg. For å få eit oversyn skal me utarbeida ein FDV-plan for bygga våre, med forslag til forvaltning og vidare istandsetjing og drift (FDV-plan).

HVM får driftsstøtte frå kommunane i Hardanger og Voss, Vestland fylkeskommune og Kulturdepartementet. I tillegg får museet betalt frå Riksantikvaren for årlege oppdrag innan fartøyvernfeltet og noko støtte til investeringsformål. Dei viktigaste styringsdokumenta for HVM er det årlege tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet, St.meld. nr. 49 (*Framtidas museum*, 2009), Hordaland fylke sin regionale kulturplan 2015-2025, årleg tildelingsbrev frå Riksantikvaren, Nasjonal verneplan for fartøy 2010–2017 som no er til evaluering, og Samlingsplan for musea i Hordaland (2015). I planen tek me med føringar frå tilskotsgjevarane. HVM sitt museumsarbeid skal vera transparent, føreseieleg, godt planlagt og effektivt gjennomført.

Tiltaka i denne planen er prioritert, men står ikkje i rekkjefølgje. Forståinga vår av samfunnsrolla skal vere førande for alle prosjekt, programmering og arrangement ved HVM.

Planen har eit 5-års perspektiv og vert no rullert etter halvgått tid. Handlingsplanane skal rullerast årleg i samband med utarbeiding av årsbudsjett.

## VERDIAR

Hardanger og Voss museum sine tilsette skal vere kjenneteikna av fylgjande verdiar:

Raus	Me byr på vår kompetanse.
Engasjert	Me vil få til noko som betyr noko for oss sjølve og for andre. Me utfordrar etablerte sanningar og er nyskapande.
Truverdig	Formidling, rådgjeving, handverk osv. er basert på kunnskap.

## VISJON OG OVERORDNA MÅL

Visjonen til ei verksemd skildrar det viktigaste verksemda vil oppnå. Visjonen til Hardanger og Voss museum er «**Gode opplevingar å bryna seg på.**»

Dei overordna måla for Hardanger og Voss museum i planperioden er:

1. HVM skal tena samfunnet gjennom god forvaltning, forskning og formidling.
2. HVM skal vere ei samla verksemd med klare faglege retningar.
3. HVM skal vere ein tydeleg samfunnsaktør, vera aktuell, relevant og har fokus på fornying.

## SAMFUNNSROLLE

### Føringar

Sjølve samfunnsrolla eller samfunnsoppdraget for musea ligg i å utvikla og formidla kunnskap om menneska si forståing av og samhandling med sine omgjevnadar. I dette ligg stor fagleg fridom og samtidig utfordringar for musea i å definere og avgrense kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. Dette er eit faglig kjernesporsmål i musea som krev kontinuerlig analyse og konkretisering (*Framtidas museum*, side 145)

Gjennom god forvaltning, dokumentasjon, innsamling, forskning og formidling kan Hardanger og Voss museum gje kunnskap om «dei lange linjene» og historiekunnskap i ei tid med raske endringar og regionalisering.

## **Mål**

- a. HVM skal vere ein synleg og profesjonell aktør og delta aktivt i samfunnsliv både som lagspelar og som samfunnskommentator.
- b. HVM skal gje innsikt og forståing av samtida ved å vise dei lange historiske linjene.
- c. HVM skal styrkja samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar.

## **Prioriterte tiltak**

(Det er ikkje tiltak under dette punktet)

## **STRATEGISK VALDE TRADISJONSFAG**

Museet har tatt eit ekstra ansvar for immaterielt kulturminnevern for å bringe vidare fleire tradisjonsfag.

- Gjennom produksjon og lærlingverksemd tek me vare på smedfaget, reipslagarfaget og båtbyggjarfaget.
- Gjennom Hardingfela.no skal HVM bidra til at folkemusikk og -dans i regionen vår lever vidare.
- Gjennom restaureringverksemd, kurs, opplæring og anna arbeid ved museet tek me vare på teknikkar og praksisar knytt til, restaureringshandverk/bygningsvern, bruk av oppgangssaga Herand sag, skautfelling og tekstile teknikkar, samt segling, rigging og drift av hardangerjakta Mathilde.
- Gjennom samarbeid og tilrettelegging for frivillige ynskjer me å bidra til at viktig immateriell kulturarv i vår region vert halden levande.

## FAGLEGE STRATEGIAR

### A. Forvaltning

#### Føringar

Samlingane ved musea skal tryggjast og takast best mogleg vare på for ettertida og gjerast tilgjengelege for publikum og forskning. Viktige delmål vil vera gode sikrings- og bevaringsforhold samt prioritering og koordinering av samlingane (*Framtidas museum:149*).

#### Mål

1. HVM skal samla inn, bevare, vidareføra og sikra både materielle og immaterielle kulturminne, i tråd med gjeldande planar og avtalar.
2. HVM skal drive ein restriktiv innsamlingspolitikk.
3. HVM skal forvalta samlingane gjennom aktiv bruk av digitale verktøy, både når det gjeld registrering, koordinering og tilgjengeliggjering.
4. HVM skal forvalta og utvikla kulturhistoriske bygg og anlegg slik at dei er på eit godt vedlikehaldsnivå.

#### Prioriterte tiltak knytt til forvaltning av materiell kulturarv

1. Samlingsforvaltingsplanen frå 2017 skal rullerast i 2021.
2. Innsamlingsplan skal utarbeidast, inkludert plan for digitalisering.
3. Fullføre oversikt over dei antikvariske bygningane og fartøya ved museet. Planen skal innehalda vedlikehaldsprioriteringar og vurderingar av bruk og verdi, også med tanke på eventuell avhending.
4. Utvikle bygningsvernarbeidet vidare, lage eigen plan for dette feltet. Organisering sjåast i samanheng med organisering av HVM.
5. HVM skal utvikla ein forretnings- og driftsmodell for Herand sag.
6. Det skal utarbeidast ein oversikt over magasin- og lagerkapasitet og -behov. HVM vil i størst mogleg grad bruke felles regionale magasinløysingar, i tillegg til egne magasinløysingar.
7. Det skal utarbeidast ein oversikt over privatarkivmaterialet ved HVM og vurderer arkivløysing (etablere dette som prosjekt).

### **Prioriterte tiltak knytt til forvaltning av immateriell kulturarv**

1. Det skal arbeidast for å sikra ivaretaking av tradisjonsfag gjennom produksjon, opplæringsaktivitet og rekruttering av handverkarar i dei tradisjonsfaga me i dag forvaltar.
2. Skaffe tilstrekkelege driftsmidlar til ordinær drift av Hardingfela.no.
3. Utvikle drifta av hardangerjakta Mathilde.
4. HVM skal bidra til at frivillige, lag og organisasjonar tar regionen sin kulturarv vidare.

## **B. Forsking og kunnskapsutvikling**

### **Føringar**

Forsking og kunnskapsutvikling er eit naudsynt fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Eit delmål vil vere auka forskingssamarbeid , både i museumsnettverket og mellom musea og forskingsmiljø i kunnskapssektoren (*Framtidas museum:152*). Musea skal vere kunnskapsbaserte. Dei skal drive med forsking og kunnskapsutvikling. (*Musea i samfunnet: 7*)

### **Mål**

- a. HVM skal forska og produsera kunnskap med utgangspunkt i eigne samlingar og fagfelt.
- b. HVM skal forska på våre prioriterte tema i regional og nasjonal samanheng ifølge gjeldande planar for regionen og nasjonalt.
- c. HVM skal driva forskingssamarbeid med eksterne FOU-miljø og dei nasjonale museumsnettverka.

### **Prioriterte tiltak i planperioden**

1. Museet sin forskingsinnsats skal prioriterast og styrkast i perioden. Gjennomføre to forskingsopplegg i tråd med forskingsplanen, der tilsette vert «frikjøpt».
2. Forskingssamarbeid med relevante partnarar og andre forskingsinstitusjonar skal utviklast i løpet av planperioden. Delta i forskingsnettverk, inngå samarbeid på aktuelle fagfelt.
3. Det skal utarbeidast artikkel og/eller katalog til dei store eigenproduserte utstillingane.

## **C. Formidling**

### **Føringar**

Musea skal nå publikum med kunnskap og opplevingar, og være tilgjengeleg for alle. Det inneber målretta tilrettelegging for ulike grupper og aktuell formidling som fremjar kritisk refleksjon og skapande innsikt (*Framtidas museum: 154*). Kunnskapen skal kome samfunnet til del, den skal formidlast. Eit viktig satsingsområde er nettbasert formidling (*Musea i samfunnet*, side 7).

### **Mål**

- a. HVM skal formidla kunnskap basert på forskning, samlingane og fagområda våre.
- b. HVM skal vera i dialog med eit breitt publikum og vera inkluderande. Aktivitets- og opplevingsbasert formidling skal prioriterast og tilpassa ulike målgrupper. Barn og unge skal vera ei prioritert målgruppe.
- c. Museet skal vera ein attraktiv besøksstad for turistar og samarbeidspart for reiselivsbransjen.

### **Tiltak knytt til digital formidling**

1. Det skal lagast ein plan for den digitale satsinga, der me definerer innhald, kanalar og målgrupper for satsinga (etablerast som prosjekt).
2. HVM har etablert ei ny og moderne nettside som skal evaluerast for vidare utvikling.
3. Kompetanse knytt til korte filmar for web skal bli gjort tilgjengeleg i heile HVM.

### **Tiltak knytt til generell formidling**

1. Formidlingsplan skal rullerast i 2021.
2. Arrangere eigne og delta i andre sine arrangement knytt til mangfald og inkludering. Planlegge og gjennomføre eit «mangfalds-prosjekt».
3. Basisutstillinga ved Voss folkemuseum blir ferdig i 2021. Utarbeide planar for basisutstillingar ved Hardanger folkemuseum, Agatunet, Ingebrigt Vik museum og Hardanger fartøyvernsenter.
4. Formidlingstilboda til HVM skal i større grad vera universelt tilgjengelege.

### **Sal og marknadsføring**

1. Oppdatere sals- og marknadsføringsplan for HVM .
2. Følgje opp arbeidet med publikumsundersøking.



3. Vurdere prissetting for dei ulike besøksstadane årleg i samband med budsjett og årsplanar.

## **D. Fartøyvern**

### **Føringar**

Dei tre nasjonale fartøyvernsentra vart oppretta med eit overordna mål om å sikra og vidareføra handverkskompetanse i fartøyvernet. Fartøyvernsentra skal gje alle som arbeider med fartøyvern eit tilbod med høg fagleg standard, både antikvarisk og handverksmessig.

*Riksantikvaren gir tilskudd til lønn til fartøyvernkonsulenter ved de tre fartøyvernentrene. Tilskuddene skal sikre at sentrene kan utføre oppgaver innenfor fellestjenestene. Gjennom fellestjenestene skal fartøyvernentrene medvirke til at handverk og handverksutvikling, innen vedlikehold og istandsetting, gjennom dokumentasjon av fartøy, blir bevart i et langsiktig perspektiv. Fartøyvernentrene får oppdrag knyttet til fellestjenestene av Riksantikvaren. (Tilskotsbrev fellestjenester Riksantikvaren 2017)*

Frå 2021 er forvaltning av fartøyvern overført til fylkeskommunane medan fartøyvernsentra framleis blir forvalta av Riksantikvaren. Dette vil få konsekvensar for fartøyvernsentra, men førebels er dei uvisse.

I 2017 vart fartøyvernsentra evaluert av Riksantikvaren og nye oppgåver og føringar kom som følgje ar dette. Dei siste åra har HVM/HFS lagt stor vekt på å vera føreseielege når det gjeld pris, overslag og kvalitet på handverksarbeidet. Forsking og utvida dokumentasjon har såleis blitt noko lågare prioritert. Men i tråd med eigen strategi og føringar i etterkant av evalueringa, vil ein prioritere forskning, formidling og dokumentasjon høgare. Rolla som rådgjevar vert truleg endå viktigare etter at fylkeskommunane overtek fartøyvernforvaltninga.

### **Mål**

- a. HVM skal gje interesserte innan fartøyvern tenester og tilbod med høg etisk og fagleg standard, både handverksmessig og antikvarisk.
- b. HVM skal sikra og føra vidare handverkskompetanse gjennom prosjekt vi har oppdrag på, dokumentasjon, forskning, opplæring av lærlingar, kurs og seminar.
- c. HVM skal ha god dialog og godt samarbeid med fartøyeigarar, forvaltning, organisasjonar i frivillig sektor, politikarar, leverandørar og andre aktørar innan fartøyvern.

- d. HVM kan opptre som ein kommersiell aktør og kan ta oppdrag som ikkje har offentleg støtte.
- e. HVM sitt fartøyvernarbeid skal vera transparent, føreseieleg, godt planlagt og effektivt gjennomført.

### **Prioriterte tiltak**

1. Utvikla eit tenleg og tilgjengeleg dokumentasjonssenter med arkivmateriale, foto, deler, boksamling, teikningssamling m.m. Dette skal vera felles for dei tre nasjonale fartøyvernentra.
2. Auka innsats på eigen dokumentasjon og forskning og gjennom det bli betre i stand til rådgjeving, formidling, publisera bøker, artiklar, video osv.
3. Driva aktiv oppfølging i fartøyvernmiljøet og mot forvaltinga. Vera synleg i sosial media og ha, auka fokus på sal og presentasjon av prosjekt.

## **E. Kunsthus**

### **Føringar**

Kunsthuset Kabuso har heilårsdrift med fleire utstillingar og konsertar og driftar Ingebrikt Vik Museum og Hardanger Skyspace. Kabuso vil i planen vektleggja ambisjonane Kunsthuset er tufta på og gjera dei tydelege innanfor rammene til HVM.

Hordaland fylkeskommune lanserte i 2005 sin visjon for Kabuso: «*Kabuso skal med bakgrunn i fortida spegla samtida og vera ein møteplass for alle. Kabuso skal vera eit senter der kunst- og kulturytringar vert formidla på eit profesjonelt nivå, og der kunsten kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda ute.*»

### **Mål**

- a. Kabuso skal vektlegge høg kvalitet og aktualitet i kunsten.
- b. Kabuso skal vere ein arena for alle typar kunstuttrykk og ein sentral aktør i regionen på dette feltet.
- c. Kabuso skal bidra til auka kunnskap og interesse i regionen for kunst og kultur.

### **Prioriterte tiltak**

1. Kunstnarleg forskingsaktivitet skal medføre refleksjon i form av artiklar og utstillingar.
2. Prioritere vidare fagutvikling i staben
3. Kabuso skal arbeide for å forankre aktiviteten i regionen, med ei utåtvend og inviterande haldning.
4. Kabuso skal delta i relevante nettverk innan kunst og musikk, nasjonalt og regionalt.

## ORGANISASJON OG LEIING

### Føringar

Gjennom fagleg utvikling, nytenking og profesjonalisering, skal musea vere oppdaterte og aktuelle i alle deler av si verksemd, vere solide institusjonar og ha ein aktiv samfunnsrolle.

*(Framtidas museum:158)*

Alle tilskotsmottakarar skal nytta ut potensialet for eigeninntekter. Departementet legg til grunn at den einskilde institusjon utarbeider planar for å utvikla dei ulike inntektskjeldene sine med sikte på å auke eingeninntektene, slik som billettinntekter, andre inntekstgjevande aktivitetar og tiltak, og gåver og sponsorinntekter. *(Tilskotsbrev frå Kulturdept. 18.12.19)*

### Mål

- a. HVM skal vere ein attraktiv og robust arbeidsplass prega av tillit, raushet og vilje til fornying.
- b. HVM skal vera ein fagleg sterk organisasjon.
- c. HVM skal samarbeida med brukarane våre og leggje til rette for frivillig innsats.

### Prioriterte tiltak

1. HVM skal ha ein styringsstruktur som svarar på utfordringane museet i dag møter. Me skal leggja til rette for samhandling på tvers av avdelingane med felles prosjekt og oppgåveløysing. Gjennomgang av vedtekter og samarbeidsavtalar som HVM har med eigarar (2021).
2. HVM skal styrkja organisasjonen gjennom utvikling av leiar- og medarbeidarskap gjennom medverknad med tilsette. Fagforeiningane skal vere ein samarbeidspartnar og ressurs. Leiarutviklingsprogram gjennomførast.
3. HVM skal lage ein plan for eigeninntening og auka eigeninntekter i perioden.
4. Utarbeide heildekkande system for arbeidsinstruksar / stillingsskildringar.
5. Innarbeide rutinar for betre samheng mellom rapportar og planverk.
6. Arrangere konferanse eller seminar for styre og leiargruppe med strategiske tema, m.a. samfunnsrolle.
7. Nye strategiar knytt til utvikling av kvar besøksstad og formidlingsarena.
8. Profilprogram blir gått gjennom og oppdatert.
9. Gjennomgang av organisering av marknadsføring, reiseliv og kommunikasjon (fordeling av funksjonar i stab og i avdelingar).
10. Avklare rolle ovafor mindre bygdemuseum i Ullensvang (Viketunet og Røldal).

11. Faste årlege møter med kommuneleiing (ordførar, rådmann, kultursjef) i regionen
12. Utvikle avdelingsvise årsplanar og forankre dei i leiargruppa, for å sikre oppfølging av eiga måloppnåing.
13. Betre samordna rapportering til Kulturdepartementet.
14. Legge alle planar ut på nettsida.